

---

 Saknr: 2020/43381-57  
 Saksbehandlar: Tor Ivar Sandvik, Susan Husabø
 

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		17.04.2020
Hovudutval for opplæring og kompetanse		20.04.2020
Fylkesutvalet		30.04.2020

**Justering av opplæringstilbudet skuleåret 2020/21**

Forslag til vedtak

1. Opplæringstilbudet for skuleåret 2020/21, vedteke i sak PS 11/19, vert justert slik:

Nordfylket:

Skule	Utdanningsprogram/programområde	Utløst	Endring	Framlegg klassar
Eid vgs	Vg1 elektrofag	3	-1	2
Eid vgs	Vg1 handverk, design og produktutvikling	1	-0,5	0,5
Eid vgs	Vg2 interiør og utstillingsdesign	0,5	0,5	1
Eid vgs	Vg2 industriell møbelproduksjon	0,5	-0,5	0
Flora vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
Flora vgs	Vg2 byggteknikk	2	-1	1
Flora vgs	Vg1 elektrofag	2	-1	1
Hafstad vgs	Vg3 påbygging til generell studiekompetanse	1	1	2
Mo og Øyrane vgs	Vg2 landbruk og gartnar	2	-1	1
Mo og Øyrane vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	4	1	5
Mo og Øyrane vgs	Vg1 elektrofag	1	1	2
Mo og Øyrane vgs	Vg2 helseservicefag	0,5	0,5	1
Måløy vgs	Vg2 kokk og servitør	1	-1	0
Sogndal vgs	Vg1 medium og kommunikasjon	1	-0,5	0,5
Sogndal vgs	Vg1 idrettsfag	1	0,5	1,5
Stryn vgs	Vg1 studiespesialisering	2	-1	1

Sørfylket:

Skule	Utdanningsprogram/programområde	Utløst	Endring	Framlegg klassar
Austrheim vgs	vg2 helsearbeidarfag	1	-1	0
Austevoll vgs	Vg1 studiespesialisering	1	-1	0
Bømlo vgs	Vg1 studiespesialisering	2	-1	1
Bømlo vgs	Vg2 studiespesialisering	2	-1	1
Fitjar vgs	Vg1 restaurant- og matfag	1	-0,5	0,5
Fitjar vgs	Vg2 helsearbeidarfag	2	-1	1
Fitjar vgs	Vg2 kokk og servitør	1	-0,5	0,5
Knarvik vgs	Vg2 industrideknologi	1	1	2
Knarvik vgs	Vg2 elenergi	2	-1	1
Kvinnherad vgs	Vg1 elektrofag	1	1	2
Kvinnherad vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
Kvinnherad vgs	Vg2 elenergi	1	-1	0
Kvinnherad vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag	1	1	2
Kvinnherad vgs	Vg2 helsearbeidarfag	1	-0,5	0,5
Kvinnherad vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	-0,5	0,5
Odda vgs	Vg1 idrettsfag	0,5	-0,5	0
Odda vgs	Vg1 teknikk- og industriell produksjon	3	-1	2
Odda vgs	Vg2 køyretøy	1	-1	0
Sandsli vgs	Vg1 restaurant- og matfag	4	1	5
Slåtthaug vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag	3	1	4
Slåtthaug vgs	Vg1 elektrofag	2	1	3
Slåtthaug vgs	Vg4 påbygging til generell studiekompetanse	2	1	3
Stord vgs	Vg1 sal, service og reiseliv	2	-1	1
Stord vgs	Innføringstilbod for min.språklege	1	-1	0
Voss gymnas	Innføringstilbod for min.språklege	1	-1	0
Voss gymnas	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	1	2
Voss vgs	Vg2 heste- og hovslagarfag	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	Vg1 elektrofag	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	Vg2 industrideknologi	1	-1	0
Kvam vgs	Vg2 elenergi	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	vg2 helsearbeidarfag	0,5	-0,5	0
Årstad vgs	Vg1 frisør, blommar, interiør og utstillingsdesign	3	1	4
Åsane vgs	Vg1 teknikk- og industriell produksjon	2	1	3
Åsane vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	1	3
Åsane vgs	Vg2 industrideknologi	3	-1	2
Åsane vgs	Vg2 data og elektronikk	1	-1	0

2. Fylkesdirektøren får fullmakt til å omprioritere klassar mellom studieførebuande og yrkesfag på vg1 i stor-Bergen, på bakgrunn av forventa ledig kapasitet på vg1 studieførebuande og mogeleg underdekning på vg1 yrkesfag. Justeringa gjerast innanfor den økonomiske ramma.

3. Fylkesdirektøren kjem tilbake med ei sak i juni som vurderer mogelege konsekvensar koronapandemien kan ha for opplæringstilbodet 2020/21 og motverkande tiltak.

Samandrag

Hovudutval for opplæring og kompetanse handsama i møte 02.12.19 sak 11/19, Opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21. På bakgrunn av søkartala og seks prøveinntak gjer fylkesdirektøren framlegg om å justere opplæringstilbodet slik det går fram av tilrådinga.

Det er totalt 20 500 søkarar med ungdomsrett til fylkeskommunen sine vidaregåande skular. Av desse er vel 8800 søkarar til vg1. Justeringane i denne saka utgjer samla 13,5 klassar, derav 4 klassar i nordfylket, og 9,5 klassar i sørfylket.

I Bergensområdet er det vanleg at mange søker studieførebuande utdanningstilbod hos både private og offentlege skular. Denne dobbeltsøkinga er det vanskeleg å sjå endelege konsekvensar av før skulane startar og vi ser kven som kjem første skuledag. Utan høve til denne tilpassinga, kan ein både risikere å sette i gang klassar med for få elevar.

Til yrkesfag vg1 er det ei underdekning på 209 plassar i sørfylket. Her har det vore ei dreining av søking frå studieførebuande utdanningsprogram til yrkesfag. Det er normalt med underdekning ved prøveinntaket, men det knyt seg ei uvisse til om kapasiteten på yrkesfag i stor-Bergen er tilstrekkeleg. I Særleg Bergensområdet er det vanleg at mange søker studieførebuande utdanningstilbod hos både private og offentlege skular. Erfaringane viser at det kan vere behov for å justere ned klassetalet, særleg på vg1 studiespesialisering. Dersom ein ser studieførebuande og yrkesfag i samanheng, ser ein føre seg ein situasjon kor det vil vere behov for å justere ned kapasitet på studieførebuande og opp på yrkesfag.

Fylkesdirektøren ser difor behovet for å ha fullmakt til å justere klassetal mellom utdanningsprogramma på vg1 for å løyse utfordringane som er skissert over. Det er ein føresetnad at ei slik justering er innafor den økonomiske ramma som denne saka bygger på.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

#### Vedlegg

- 1 Tilbakemeldingar frå opplæringskontor og lærebedrifter på søkartal til vg1 og vg2
- 2 Tilbakemeldingar frå dei vidaregåande skulane på 1. prøveinntak
- 3 Samla tilbod ved skulane med framlegg til justeringar

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte 02.12.19 gjorde hovudutval for opplæring og kompetanse vedtak om kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars.

Punkt 3 i vedtaket lyder:

Opplæringstilbodet vert i denne saka lyst ut over den økonomiske ramma. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at det i justeringssaka våren 2020 vert ein reduksjon på 11 grupper i region Hordaland og 1,5 gruppe i region Sogn og Fjordane, slik at igangsett tilbod for skuleåret 2020/21 vert innanfor den økonomiske ramma.

I denne saka legg fylkesdirektøren fram tilrådingar til justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 i Vestland fylkeskommune.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har avgjerdsmynde etter Reglement for delegering etter særlov, kap. 26, § 3-1.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** I sak om opplæringstilbod 2020/21, vedteke 02.12.2019, vart det lagt til grunn eit behov for å leggje ned 1,5 klassar i region Sogn og Fjordane, og 12 klassar i region Hordaland. I denne saka vert det gjort framlegg om å leggje ned totalt 13,5 klassar med utgangspunkt i vedteke tilbodsstruktur hausten 2019. Justert tilbodsstruktur er totalt sett innanfor den vedtekne ramma.

**Klima:** Saka kan påverke elevmobilitet, og med det potensielt meir reise til og frå skule.

**Folkehelse:** Strukturen i vidaregåande opplæring gjer at deler av elevane må bu på hybel.

**Regional planstrategi:** Ingen effekt. Det er i sak om opplæringstilbod om hausten at tilbodsstrukturen blir vurdert. I denne saka blir strukturen tilpassa søkartala.

Konklusjon

Fylkesdirektøren tilrår justeringar av opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 som det går fram av vedtakspunkta i saka.

## Bakgrunn

I møte 02.12.19 gjorde hovudutval for opplæring og kompetanse vedtak om kva opplæringstilbod som skulle lysast ut med søknadsfristar 1. februar og 1. mars.

Punkt 3 i vedtaket lyder:

Opplæringstilbodet vert i denne saka lyst ut over den økonomiske ramma. Hovudutval for opplæring og kompetanse legg til grunn at det i justeringssaka våren 2020 vert ein reduksjon på 11 grupper i region Hordaland og 1,5 gruppe i region Sogn og Fjordane, slik at igangsett tilbod for skuleåret 2020/21 vert innanfor den økonomiske ramma.

Fylkesdirektøren tolkar hovudutval for opplæring og kompetanse sitt vedtakspunkt som minimum justering ned frå det utlyste tilbodet. Krava om økonomiske innsparingar i sektoren betyr at ein må sjå ressursbruken i fylket under eitt.

Som ein del av arbeidet med samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar vedtok fellesnemnda 13.mars 2019 følgjande om inntak for skuleåret 2020/21: «Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningane som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/21».

Den årlege vurderinga av tilbodsstrukturen skjer i sak om opplæringstilbod som blir handsama om hausten. Det er i denne saka ein må ta stilling til om det skal gjerast større endringar i tilbodsstrukturen. I dette ligg mellom anna vurderingar av talet på elevplassar sett opp mot

venta tilgang på læreplassar.

På grunnlag av søkinga blir det her gjort framlegg om justeringar av utdanningsprogram/ programområde som vart lyst ut, for å oppnå best mogeleg tilpassing av skuletilboda mot søkinga. I saka blir det brukt omgrepet «primærsøkar». Det nyttar vi for å telje søkarane berre ein gong, då alle har eitt ønske øvst på søknaden sin.

I nordfylket (tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune) er det minimum søkartal etter første prøveinntaket grunnlag for arbeidet med justeringa. Kravet er 20 inntekne i grupper med 30 plassar og 8 inntekne i grupper med 12-15 plassar. For musikk, dans og drama er kravet 16 inntekne til musikk og 16 inntekne til dans og drama samla.

I sørfylket (tidlegare Hordaland fylkeskommune) er kravet 85 % oppfylling. Skular i distriktet (utanfor Bergensområdet) har ofte eit svakare søkargrunnlag, og fylkesdirektøren stiller difor litt lågare krav til primærsøkarar for oppstart av eit tilbod ved distriktsskulane. Slik kan regionane oppretthalde eit rimeleg breitt tilbod, sjølv med lågare søkargrunnlag. Dette betyr at det ein del klassar utanfor Bergensområdet blir sette i gang med mindre enn 85 % oppfylling.

Det er økonomisk krevjande å oppretthalde tilbod med lågt søkargrunnlag sjølv om skulane gjer sitt beste for å organisere undervisninga kostnadseffektivt, t.d. i halve klassar. Når søkartalet er lågt over fleire år må ein på eitt eller anna tidspunkt varsle om at dette ikkje kan halde fram over tid. På den andre sida må ein også sjå på tala på avgangselevar frå ungdomsskulane. Det kan vere ein kortvarig nedgang på eitt til to år før årgangstalet aukar att.

Med dei politiske føringane for skuleåret 2020/21 er regionane handsama kvar for seg denne saka. Til dei fylkesdekkande tilboda, som alle ligg i region sør, konkurrerer alle søkarar frå Vestland fylkeskommune likt.

Søknadsfristen var 1. februar for søknadar om fortrinnsrett eller individuell handsaming til opplæring i skule, og for søknader om tilrettelagt lærekontrakt eller opplæringskontrakt. For alle andre søkarar var søknadsfristen 2. mars.

Opplæringsretten er knytt til utdanningsprogram, og ikkje til skulestad. Søkarane i Vestland har høve til å setje opp seks skuleønske per valde utdanningsprogram. Val av skule er ut over kravet i opplæringslova. Fylkeskommunen kan difor gje søkarar tilbod på ein skule dei ikkje har søkt på.

I arbeidet med å få på plass eit samla tilbod har fylkesdirektøren gjort vurderingar av totalt inntekne søkarar til det ein skilde tilbodet som var lyst ut. I justeringsarbeidet har det vore naudsynt å legge stor vekt på kor mange søkarar som ikkje hadde fått tilbod om skuleplass, og ikkje berre på høge primærsøkartal. Samtidig har fylkesdirektøren forsøkt å tilpasse konsekvensane av søkinga opp mot innspela frå opplæringskontora.

Til vg2 og vg3 er det søkarar med ungdomsrett som dannar grunnlaget for kapasitetsbehovet. Søkartala som vert presenterte i tabellane er søkarar med ungdomsrett. I tidsrommet etter første inntak og fram mot skulestart vert det opna for at søkarar med fullføringsrett, vaksenrett og ungdomar utan rett kan få inntak til ledige plassar.

Etter at søkartala er klare simulerer fylkesdirektøren inntak til eigne vidaregåande skular gjennom fleire prøveinntak. Første prøveinntak, som byggjer på søkinga til det utlyste opplæringstilbodet, vart sendt hovudutvalet, fylkestillsvalde i opplæringssektoren og rektorane som internt dokument i saksførebuinga. Prøveinntaka er til hjelp i arbeidet med dimensjonering av tilbodet. Prøveinntaka er gjennomførde på grunnlag av karakterane til 1. termin. Kven som til slutt kjem inn på dei ulike tilboda er ikkje klart før inntaka i juli.

Yrkesopplæringsnemnda har ei viktig rolle for å ivareta næringslivet sine behov for faglærde arbeidskraft. Fylkeskommunen skal legge vekt på det yrkesopplæringsnemnda har vedteke eller uttalt (§ 4-8 i opplæringslova).

Utgangspunktet for saksframstillinga er søkartal per 2. mars og gjennomførde prøveinntak. I saka viser fylkesdirektøren endringar i høve det utlyste tilbodet.

## Søkartal til vidaregåande opplæring 2020/21 i Vestland fylkeskommune

Søking til vg1	Region sør			Region nord		
	2020-21		Prosent av søkarane	2020-21		Prosent av søkarane
	Plassar	Primær-søkarar		Plassar	Primær-søkarar	
idrettsfag	253	315	4,8	91	109	7,1
kunst, design og arkitektur	101	101	1,5	15	12	0,8
medium og kommunikasjon	150	171	2,6	45	21	1,4
musikk,dans og drama	136	228	3,5	48	72	4,7
studiespesialisering	2184	2341	35,9	538	469	30,4
<b>Totalt studieførebuande</b>	<b>2824</b>	<b>3156</b>	<b>48,4</b>	<b>737</b>	<b>683</b>	<b>44,2</b>
bygg-og anleggsteknikk	420	382	5,9	162	127	8,2
design og handverk			0,0			0,0
elektrofag	424	584	9,0	139	156	10,1
helse- og oppvekstfag	821	763	11,7	218	217	14,1
naturbruk	224	255	3,9	66	64	4,1
restaurant- og matfag	117	118	1,8	56	25	1,6
teknikk og industriell produksjon	740	824	12,6	217	202	13,1
Frisør, blomster, interiør og eksponeringsdesign	75	98	1,5	15	10	0,6
Handverk, design og produktutvikling	30	30	0,5	15	4	0,3
Sal, service og reiseliv	229	194	3,0	60	44	2,8
Informasjonsteknologi og medieproduksjon	75	116	1,8	15	12	0,8
<b>Total yrkesfag</b>	<b>3155</b>	<b>3364</b>	<b>51,6</b>	<b>791</b>	<b>861</b>	<b>55,8</b>
<b>Totalt alle utdanningsprogram</b>	<b>5979</b>	<b>6520</b>	<b>100,0</b>	<b>1528</b>	<b>1544</b>	<b>100,0</b>

Tabell 1: søking til vg1, per utdanningsprogram og område

Tabellen over viser oversikt over søkinga til vg1 fordelt på utdanningsprogram og region. I sak om opplæringstilbod for 2020/21 presenterte fylkesdirektøren prognose for forventa søkartal til vg1 på 7877 søkarar med ungdomsrett, medan det reelle søkartalet viser seg å vere 8064 søkarar. Det er nær 190 fleire enn forventa. Grunna samanslåinga av søkar- og elevdatabasar gir ikkje samanlikningsgrunnlaget med førre skuleår godt svar på om situasjonen var lik i fjor. Den største uvissa er uansett variasjonar i kor mange frå sørfylket som søker seg til privatskular. I tillegg gir utviding av ungdomsretten, rett til tre år vidaregåande opplæring fram til ungdom fyller 24 år, grunnlag for fleire søkarar, også til vg1.

Det har gjennom fleire år vore jobba aktivt for å auke søkinga til yrkesfaglege utdanningsprogram, og dermed rekrutteringa til desse bransjane. Søkinga i år viser at i sørfylket har om lag 52 % søkt til yrkesfag, og i nordfylket har 56 % søkt yrkesfag. Det er ein auke i begge delane av fylket. Ei dreining av søkarmønsteret frå studieførebuande til yrkesfag får konsekvensar sett opp mot utlyst tilbod.

Tala i tabell 1 viser at det er ei viss underdekning på utdanningsretningane samla. I nord er det ei underdekning på 70 elevplassar på yrkesfag, og ei overdekning på 54 plassar på studieførebuande utdanningsprogram.

I region sør er det ein underdekning 332 plassar på studieførebuande. Særleg i Bergensområdet er det vanleg at mange søker studieførebuande utdanningstilbod hos både private og offentlege skular. Denne dobbeltsøkinga er det vanskeleg å sjå endelege konsekvensar av før skulane startar og vi ser kven som kjem første skuledag. Det er ikkje på langt nær alle som vel privatskulane som seier frå seg plassen i den offentlege skulen. Erfaringane viser at det kan vere behov for å justere ned klassetalet, særleg på vg1 studiespesialisering. I Hordaland fylkeskommune var slike justeringar administrative.

Til yrkesfag er det også ei underdekning på 209 plassar. Her har det vore ei dreining av søkemønster frå studieførebuande utdanningsprogram. Det er normalt med ei viss underdekning

ved prøveinntaket, men det knyt seg ei uvisse til om kapasiteten på yrkesfag i stor-Bergen er tilstrekkeleg. Det kan difor vere eit behov for auke opp klassetalet på vg1 yrkesfag for å betre gi søkerane eit tilbod. Fylkesdirektøren ber difor om administrativ fullmakt til å justere den samla kapasiteten mellom studieførebuande og yrkesfag innanfor den økonomiske ramma.

Når ein ser resultatet av inntaket, vil fylkesdirektøren som tidlegare år gå i dialog med skulane om inntak av elevar som står utan plass.

Tabellen under viser primærsøkartal, og er ikkje justert for søkarar til tilrettelagde grupper.

Hovudtal for søkinga	2020/21
Søkarar til skule, med ungdomsrett :	
Søkarar til vg1	8837
Søkarar til alle nivå	20500
Tal plassar i dei vidaregåande skulane	20393
Søkarar til opplæring i bedrift, med ungdomsrett	2057
Søkarar utan ungdomsrett:	
Til skule	1702
Til bedrift	631

Tabell 2: hovudtrekk ved søking, per 2.3.20

Søkartala til vg1i tabell 2 er lågare enn tala som vart presenterte som primærsøkartal og i 1. prøveinntak. Det skuldast at søkarar til tilrettelagde grupper blir registrerte som vg1-søkarar gjennom heile opplæringsløpet. Søkartala i tabell 1 er søkarar som har søkt vg1 på ordinære kurskoder.

### Grenseavtalar mellom Vestland fylkeskommune og Rogaland og Møre og Romsdal fylkeskommunar

I sør har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Rogaland om at søkarar med ungdomsrett frå kommunane Etne, Sveio, Bømlo, Stord, Kvinnherad og Ullensvang, kan søke om skuleplass på Haugaland, Karmsund, Kopervik, Sauda, Skeisvang, Vardafjell, Ølen og Åkrehamn vidaregåande skular. Vestland fylkeskommune gir gjesteelevgaranti, slik at søkjarane konkurrerer på same vilkår som søkjarar frå Rogaland.

I nord har Vestland fylkeskommune gjesteelevavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om at elevar frå Vanylven kommune kan søke til skulane i Nordfjord. Det er Eid, Stryn, Måløy og Firda vidaregåande skular. I tillegg kan elevar frå tidlegare Hornindal kommune, no del av Volda kommune også søke skulane i Nordfjord.

### Søkarar til idrettstilbod

Det er 79 primærsøkarar til vg1 studiespesialisering med toppidrett ved Tertnes vgs. til vg1 idrettsfag med toppidrett er det 18 primærsøkarar til den halve klassen. I nordfylke er det sju primærsøkarar på vg1 til det spissa idrettstilbodet i fotball ved Sogndal vgs, og 14 søkarar til volleyballtilbodet ved Hafstad vgs.

### Konsekvensar av utviding av ungdomsretten

Opplæringslova § 3-1, tredje ledd, seier at «retten til vidaregåande opplæring gjeld ut det skoleåret som tek til det året ein fyller 24 år». Det er ei lovendring frå tidlegare, då retten måtte takast ut i løpet av fem år. Søkartdata viser at det i alderen 22-24 er 142 søkarar til vg1, 115 til vg2 og 79 til vg3. Mange av desse er framandspråklege søkarar som anten ikkje har vidaregåande opplæring frå heimlandet eller ikkje godkjent vidaregåande opplæring frå heimlandet.

### Konsekvensar av søkartala

Søkinga til vg1 er om lag 10 % lågare enn i fjor, men det samla elevtalet frå grunnskulane er om lag 120 fleire elevar enn våren 2019. Nedgangen i søkinga er prosentvis størst i region sør, knytt til vg1 studiespesialisering, og heng truleg saman med at fleire elevar berre har søkt seg til

privatskulane. Som nemnt i delen om søkartala er det variasjon i søking til privatskulane som utfordrar oss i å lage gode prognosar for søkinga til vg1.

Trass i nedgang i søkinga til vg1 er det auka søking til yrkesfaga, ei vriding i søkarmønster som bransjane har jobba for i mange år. Auka søking til yrkesfag betyr fleire klassar for å gje plass til same tal søkarar.

Det er i alt 275 søkarar med vg1 som avgivarkurs som reelt søker omval til nytt utdanningsprogram på vg1 nivå. Det er om lag 3 % av søkarane til vg1. Alle søkarar med ungdomsrett har høve til å gjere eitt omval der dei får utvida ungdomsretten med tilstrekkeleg år til at dei får fullført eit løp i nytt utdanningsprogram. Det er berre fem søkarar som no går i vg2 som har søkt omval til nytt vg1, og det er seks søkarar som no går i vg2 som søker seg til eit anna programområde på vg2.

Til vg2 og vg3 er søkinga i all hovudsak som forventta ut frå elevtalet på nivået under i inneverande skuleår.

I nordfylket er det tidlegare fylkesting i Sogn og Fjordane sitt vedtak om oppfyltingsgrad og minimumssøkartal som avgjer om det er grunnlag for å sette i gang alle dei utlyste gruppene. Fylkesdirektøren si tolking av dette vedtaket er at søkartala, slik dei kjem til uttrykk gjennom inntekne i første prøveinntak, er grunnlag for vurdering av om krava er oppfylte.

### Fylkesdirektøren sine vurderingar og tilrådingar

I dette kapittelet vurderer fylkesdirektøren utlyste tilbod opp mot elevsøkinga. Innspel frå skulane og opplæringskontor har blitt vurdert som grunnlag for dei tilrådingane som vert lagt fram. Fylkesdirektøren vil gjere ei vurdering av ny utlysing av tilbod som ikkje vert tilrådd sett i gang skuleåret 2020/21, til sak om opplæringstilbod 2021/22.

#### **Primærsøking**

Nokre innspel frå skulane har merksemd på tal primærsøkarar, og ønsker ei justering for at flest mogeleg skal få oppfylt førstevalet sitt. Fylkesdirektøren har også eit ønske om at flest mogeleg ungdommar skal få plass på det ønsket dei har øvst på søknaden sin. Dersom vi justerer tilboda i tråd med førstevala, der det er oversøking, vil søkargrunnlaget til andre utlyste tilbod kunne falle vekk. Det vil, totalt i fylket, resultere i smalare tilbod, fordi tilbod som er fylte opp med søkarar med tilbodet som lågare ønske, ikkje vil bli sette i gang. Det er fleire yrkesfagklassar som er avhengige av fleire enn berre primærsøkarane for å ha tilstrekkeleg grunnlag for å komme i gang. Aksept for at ikkje alle søkarane kan få førstevalet sitt er vesentleg for å møte arbeid- og næringslivet sine behov for lærlingar og arbeidskraft.

For enkeltskular kan justering etter primærsøkartalet føre til fleire inntekne, men i eit fylkesperspektiv er løysinga ikkje god, og det blir heller ikkje fleire søkarar av ei slik tilnærming. Det er ønske om å oppretthalde eit breitt og likeverdig opplæringstilbod, som i størst mogeleg grad samsvarer med behova i fylket. For å klare det kan primærsøkinga aleine ikkje vere viktigaste justeringskriterium, og i arbeidet har fylkesdirektøren også nytta søkarar som står utan tilbod, og ledige plassar som grunnlag for justeringa.

Det er gjennomført i alt seks prøveinntak som grunnlag for fylkesdirektøren si tilråding til endringar i høve det utlyste tilbodet. Problemstillingane er drøfta for kvart utdanningsprogram, delt på region nord og region sør. Tilrådingane er presenterte fortløpande, og i tillegg til samletabellar under oppsummeringane.

Som tidlegare år vil søkarar til tilbod som ikkje vert sett i gang få mogelegheit til å endre søknaden sin. Det er få primærsøkarar som gjer at skuletilbod ikkje vert sette i gang, så talet på søkarar som får behov for å endre førstevalet sitt er ikkje veldig stort. Av erfaring veit vi at det stort sett er søkarar med det aktuelle «nedlagde» tilbodet høgt på søkarlista si, som nyttar høve til å endre søknaden.

I samband med vedtak om opplæringstilbodet som vart lyst ut, gjorde fylkesdirektøren greie for prosessen med å auke plasstalet i alle yrkesfagklassar, frå 12 mot 15 plassar. I arbeidet med saksførebuinga gjennomførte fylkesdirektøren samtale med alle skulane der ein gjorde ei konkret vurdering av auke i plasstalet i det enkelte utdanningsprogram og klasse. Plasstalet vart auka med 1-3 plassar, etter skulane si vurdering i denne runden. Plasstalet vart ikkje utvida i dei tilfella der skulane vurderte at det ikkje forsvarleg.

Dei tilsette sine organisasjonar og fylkeshovudverneombodet bad om at det vart gjort ei



risikovurdering knytt til denne auken i plasstalet i nordfylket. Som oppfølging av dette bad fylkesdirektøren bedriftshelsetenesta Stamina om å gjere ei kartlegging. Denne rapporten er nyleg lagt fram for fylkesdirektøren og vil bli brukt som kunnskapsgrunnlag i den vidare oppfølginga og vurderinga av behov for tiltak som sikrar at opplæringa er forsvarleg. Fylkesdirektøren vil også gjennomføre ein stadbasert vurdering ved dei skulane som melder om behov for det. Det vil særleg bli lagt vekt på å vurdere om det er bygnings- og utstyrmessige forhold som er nødvendige for at alle yrkesfagklassane i Vestland fylkeskommune i størst mogleg grad kan ha 15 ordinære plassar i klassane.

### **Inntekne søkarar og kapasitet i framlegg til justert opplæringstilbod**

I det sjette prøveinntaket, som er grunnlaget for fylkesdirektøren si tilråding, er oppfyllingsgraden 97,5 % på vg1 og 93,8 % samla for alle trinn.

I fylkesdirektøren si tilråding har 75 % av søkarane til vg1 fått tilbod om førstevalet sitt, dvs. både ønska utdanningsprogram og skule. 13,5 % har fått tilbod på andre ønske og 5,6 % på tredje ønske. Søkarane kunne sette opp inntil seks skular per ønska utdanningsprogram. På vg1 er kravet til søkarane med ungdomsrett at dei søker tre utdanningsprogram. I Vestland fylkeskommune har søkarane hatt mogelegheit til å søke fire ulike utdanningsprogram. Tal søkarar med tilbod på første ønske er på same nivå som i Hordaland fylkeskommune på same tida våren 2019. I Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde 86% av søkarane inntak på første ønske på same tidspunkt

Fylkesdirektøren gjer merksam på at prøveinntak er gjort på grunnlag av terminkarakterane, medan inntaket i juli vil vere på grunnlag av standpunkt-karakterane.

Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar i utdanningsprogram i nordfylket

### **Bygg- og anleggsteknikk**

#### **Flora vgs:**

Til vg1 er det nokre få søkarar fleire enn i fjor, men ingen grunn til å justere kapasiteten. Etter første prøveinntak var det ikkje nok søkarar til to klassar ved Flora vgs, medan det var mange utan tilbod ved Mo og Øyrane vgs.

Fylkesdirektøren tilrår difor at vg1 tilbodet blir redusert med ein klasse ved Flora vgs og auka opp med ein klasse ved Mo og Øyrane vgs.

Til vg2 byggteknikk var det etter første prøveinntak 27 ledige plassar og 8 utan tilbod. Ved Flora vgs var det 14 ledige til dei to utlyste klassane, noko som ikkje er tilstrekkeleg søkargrunnlag til begge klassane. Rekrutteringa er noko mindre enn behovet.

#### **Mo og Øyrane vgs:**

Til vg2 anleggsteknikk melder Opplæringskontoret for anleggs- og bergfaga, at det i region nord er 50 lærlingar som skal ta fagbrev i 2020 og tilsvarande i 2021. Dei meiner difor at kapasiteten på vg2 nivå bør vere høgare, sidan det har vore auke i tal lærlingar heilt frå 2012.

Fylkesdirektøren har undersøkt med skulane om det er mogeleg å auke kapasiteten. Etter ein intern runde viser det seg at slik auke ville føre til utstyrsbehov i millionklassen, langt ut over kva det er rom for no. Tilbodet blir difor ikkje tilrådd auka.

Skule	Bygg- og anleggsteknikk			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Flora vgs	Vg1	-1	2	1
	Vg2 byggteknikk	-1	2	1
Mo og Øyrane vgs	Vg1	1	4	5

### **Elektrofag**

#### **Flora vgs og Mo og Øyrane vgs**

Ved dei to skulane i Sunnfjord, Flora vgs og Mo og Øyrane vgs var det lyst ut to klassar vg1

elektrofag. Ved første prøveinntak var det færre enn 8 inntekne til andre klassen ved Flora vgs, medan det var 5 utan tilbod ved Mo og Øyrane vgs. Fylkesdirektøren vil difor tilrå at kapasiteten vert redusert med ein klasse der søkinga var minst, og auka opp tilsvarende der søkinga var størst.

### Eid vgs

Ved Eid vgs blei det lyst ut tre klassar på vg1. Etter første prøveinntaket var det berre tre søkarar teke inn til tredje klassen, og ein har difor i tilråinga redusert tilbodet frå tre til to klassar.

Skule	Nivå	Elektrofag		
		Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Flora vgs	vg1	-1	2	1
Mo og Øyrane vgs	vg1	1	2	3
Eid vgs	vg1	-1	3	2

### Helse- og oppvekstfag

Også i år er det ein nedgang i primærsøkinga til vg1 helse og oppvekstfag, men nedgangen er ikkje slik fordelt at klasser som er lyst ut kjem under minstetalet for å bli sett i gang.

Då hovudutval for opplæring og kompetanse handsama opplæringstilbodet i PS-sak 11/19, vart eit nytt punkt 7 vedteke:

*Nytt pkt. 7: Årdal vgs. og Sogndal vgs. vert oppmoda til å samarbeide om eit desentralisert tilbod innan helse og oppvekstfag, der elevane kan få opplæring i fellesfaga ved Årdal vgs og YFF i bedrift i Årdals-regionen.*

Til vg1 helse- og oppvekstfag ved Sogndal vgs er 11 av primærsøkarane frå sørsida av Sognefjorden, frå kommunane Årdal, Lærdal og Aurland.

Sogn opplæringskontor, som mellom anna dekker kommunane Årdal og Lærdal, har årleg teikna 5 lærekontraktar i desse kommunane dei siste åra. Tal intensjonsavtalar ligg på same nivå. Dei to involverte skulane arbeider i lag med områdeleiar for å finne løysingar som gjer at elevane frå sørsida av Sognefjorden kan få deler av opplæringa der.

### Handverk, design og produktutvikling

Det har vore knytt spenning til søkinga til dette nye utdanningsprogrammet. I region nord er det svak søking, med 5 søkarar. I saka i desember, om utlysing av opplæringstilbodet, gjorde fylkesdirektøren greie for 1 + 3 løpet ein såg føre seg.

Det er behov for arbeidskraft i møbelindustrien i Nordfjord og på søre Sunnmøre. I samarbeid med NAV og vaksenopplæring er det difor ei løysing å sette tilbodet i gang som ei kombinasjonsgruppe mellom ungdom og vaksne. Det betyr at halvparten av kostnadane blir dekkja over vaksenopplæring i samarbeid med NAV, og fylkesdirektøren tilrå ein vel denne løysinga.

Skule	Nivå	Handverk, design og produktutvikling		
		Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Eid vgs	vg1	-0,5	1	0,5

### Design og Handverk

#### Eid vgs

Vg2 interiør og utstillingsdesign ved Eid vgs var lyst ut med 0,5 klasse i kombinasjon i fellesfag med 0,5 klasse vg2 industriell møbelproduksjon. Søkinga til sistnemnde er så svak at fylkesdirektøren ikkje tilrå at tilbodet vert sett i gang. Då fell «gevinsten» av felles fellesfag vekk, og sidan søkinga til vg2 interiør og utstillingsdesign svarer til ein klasse, tilrå fylkesdirektøren at tilbodet vert auka opp frå 0,5 til 1 klasse.

Design og handverk				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Eid vgs	vg2 interiør og utstillingsdesign	0,5	0,5	1

### Medium og kommunikasjon

#### **Sogndal vgs**

Til vg1 medium og kommunikasjon viste første prøveinntaket 17 inntekne til 30 plassar ved Sogndal vgs.

Som alternativ til å ikkje sette i gang medium og kommunikasjon på vg1 i Sogndal, ser fylkesdirektøren at det kan det vere eit alternativ å gjere om til 0,5 klasse og kombinere med ein ekstra 0,5 klasse vg1 idrettsfag. Skulen treng 10 t/v til deling på vg1 for denne kombinasjonen, og fylkesdirektøren tilrår denne løysinga.

Medium og kommunikasjon				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Sogndal vgs	vg1	-0,5	1	0,5

### Idrettsfag

#### **Sogndal vgs**

Sjølv om det er svak søking til vg1 medium og kommunikasjon ved Sogndal vgs, viser søkinga at det samla er behov for større kapasitet på vg1. Fylkesdirektøren har testa ut auke på studiespesialisering, men det gav ikkje den ønska effekten; å gi fleire søkarar tilbod om plass.

Auke med 15 elevplassar på vg1 idrettsfag gav mange fleire tilbod om skuleplass, då primærsøkinga til utdanningsprogrammet var større enn til ein klasse. Framlegget om å auke kapasiteten på vg1 idrettsfag ved skulen, er sett i samanheng med framlegget om å sette i gang vg1 medium og kommunikasjon med ein halv klasse.

Idrettsfag				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Sogndal vgs	vg1	0,5	1	1,5

### Naturbruk

#### **Mo og Øyrane vgs**

Til vg1 naturbruk er søkinga om lag som til inneverande år. Det er aukande søking til det maritime tilbodet ved Måløy vgs, og det er god søking til to klassane som rekrutterer til vg2 akvakultur og vg2 fiske og fangst.

Ved Mo og Øyrane vgs. er det svak søking til vg2 landbruk- og gartnarnæring, med 10 søkarar til to klassar. Fylkesdirektøren tilrår difor at tilbodet vert redusert med ein klasse.

Naturbruk				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Mo og Øyrane	vg2 landbruk og gartnarnæring	-1	2	1

**Restaurant- og matfag**

Gjennom fleire år har søkinga til utdanningsprogrammet vore svært låg, både i fylket og nasjonalt. Det har vore prøvd ulike rekrutteringstiltak utan å lykkast godt.

**Sogndal vgs:**

Tilbodet ved Sogndal vgs har vore spesielt utsett. Til inneverande år vart vg1 restaurant- og matfag sett i gang, men i løpet av kort tid hadde så nær alle inntekne fått plass på høgare ønske, og klassen vart ikkje vidareført.

Etter første prøveinntak er det teke inn ni søkarar med ungdomsrett, der sju er primærsøkarar. Det gir grunnlag for å starte opp vg1.

**Måløy vgs:**

Ved Måløy vgs er det berre fem søkarar til dei 12 plassane ved vg2 kokk og servitør. Fylkesdirektøren tilrår difor at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Skule	Restaurant- og matfag			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Måløy vgs	vg2 kokk og servitør	-1	1	0

**Teknikk og industriell produksjon**

På vg1 nivå er det ikkje behov for å gjere endringar. Det er nokre ledige plassar, men alle skulane oppfyller minstekravet for å setje i gang tilboda.

**Årdal vgs:**

Til vg2 industriteknologi ved Årdal vgs er det ein søkar for lite, med utgangspunkt i krav for å setje i gang tilbodet. Søkinga til industriteknologi har gått ned, medan etterspurnaden etter arbeidskraft er høg igjen. For næringslivet i Årdal kommune vil mangel på lærlingar og arbeidskraft gi negative konsekvensar. Fylkesdirektøren tilrår difor at vg2 industriteknologi likevel vert sett i gang.

Sogn og Fjordane har i mange år hatt vg2 programområdet industriell møbelproduksjon som fylkesdekkande tilbod ved Eid vgs. At det har vore fylkesdekkande betyr at søkarar frå alle fylke konkurrerer på like vilkår, medan Sogn og Fjordane har dekkja kostnadane. Programområdet er ikkje vidareført i ny vg2- struktur frå skuleåret 2021/22.

Det har vore svak søking til dette tilbodet, og svært få søkarar frå andre fylke har takka ja til plassen dei har fått i inntaket. I år var det berre ein primærsøkar frå Vestland til den halve klassen. Fylkesdirektøren tilrår soleis at det ikkje er grunnlag for å starte opp tilbodet.

Skule	Teknikk og industriell produksjon			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Eid vgs	vg2 industriell møbelproduksjon	-0,5	0,5	0

**Studiespesialisering****Stryn vgs:**

Det er nedgang i søkinga til vg1 studiespesialisering, over 60 færre enn i fjor. I all hovudsak er det god oppfylling i klassene. Ved Stryn vgs er det lyst ut to klassar, der den eine er i kombinasjon med landslinjetilbodet i skiskyting. Det er lyst ut 50 plassar studiespesialisering og inntil 10 plassar landslinje i skiskyting med studiespesialisering. Til dei 50 plassane er det 25 ledige.

Til landslinjetilbodet er det 6 søkarar frå eige fylke og mange frå andre fylke. Dei færreste frå andre fylke har tilbodet som første ønske. Det er skulen som gjer dei idrettsfaglege

prestasjonane, og kan til saman ta inn 10 søkarar. Dersom skulen finn at 8-10 søkarar er idrettsfagleg kvalifiserte, vil det samla elevtalet kunne bli 33-35 elevar. Ein konsekvens av det vil vere kostnader til kompensasjon for pedagogar som får fleire enn 30 i sine timar.

#### Høyanger vgs:

Ved Høyanger vgs viser første prøveinntak 16 inntekne til vg1 studiespesialisering. Det er 47 avgangselevar frå grunnskulane i Høyanger kommune våren 2020. Det er svært lågt, og i følgje Grunnskulens informasjonssystem (GSI) , om lag 10 færre enn ein forventar våren 2021.

Høyanger vgs har ein klasse per nivå i utdanningsprogrammet studiespesialisering, og tre yrkesfaglege utdanningsprogram, med vg1 og eit vg2. Til saman utgjør dette 8 klassar. Konsekvensane for skulen ved å ikkje ha eit kull i studiespesialisering i tre år er difor omfattande. Fylkesdirektøren tilrår soleis at vg1 studiespesialisering vert sett i gang, sjølv om søkinga er under fastsett minstenivå.

Skule	Studiespesialisering			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Stryn vgs	vg1	-1	2	1

#### Vg3 påbygging til generell studiekompetanse

Til vg3 påbygging til generell studiekompetanse er tal søkarar utan tilbod etter første prøveinntak på same nivå som dei siste åra. Men i motsetnad til tidlegare år, er det ikkje ledige plassar å tilby søkarar ved nokon av skulane som tilbyr påbygging til generell studiekompetanse.

I tillegg vil den pågåande koronasituasjonen høgst sannsynleg redusere læreplasstilgangen. Det vil då føre til at færre søkarar til påbygging til generell studiekompetanse enn vanleg, får læreplass i løpet av sommaren eller tidleg haust.

#### Hafstad vgs

Fylkesdirektøren meiner difor at kapasiteten bør aukast, og søkartala viser at det er Hafstad vgs som har størst oversøking. Fylkesdirektøren tilrår difor at det vert oppretta ein ekstra klasse.

#### Høyanger vgs

I tillegg til ekstra klasse ved Hafstad vgs, har Høyanger vgs kome med innspel om at dei har kapasitet til å ta inn 10 søkarar til vg3 påbygging til generell studiekompetanse, utan ekstra kostnader. Tilbodet vil vere i kombinasjon med ledig kapasitet på vg2 og vg3 studiespesialisering. Fylkesdirektøren er positiv til denne løysinga.

Skule	Påbygging til generell studiekompetanse			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Hafstad vgs	vg3	1	1	2

Fylkesdirektøren sine framlegg til endringar i utdanningsprogram i sør fylket

#### Bygg- og anleggsteknikk

#### Kvinnherad vgs

Skulen har 14 primærsøkarar til to klassar, 28 plassar, på vg1 bygg- og anleggsteknikk. Fylkesdirektøren tilrår at det vert lagt ned ein klasse vg1 BA ved skulen.

Dette er i samsvar med dei vurderingane skulen gjer.

#### Åsane vgs

Etter første prøveinntaket var det 11 primærøkarar utan tilbod, og fylkesdirektøren meiner difor det er behov for å auke kapasiteten. Som ein konsekvens av dreining av søkarmønster frå studieførebuande til yrkesfag, er det ein større del elevar som ved prøveinntaket ikkje har fått tilbod om plass på vg1 bygg- og anleggsteknikk i stor-Bergen. Skulen ligg godt plassert for ein større del av elevane, i eit område med god kollektivdekning. I tillegg er det stor aktivitet i bygg- og anleggsbransjen i stor-Bergen. Fylkesdirektøren tilrår difor å opprette ein ekstra klasse vg1 bygg- og anleggsteknikk.

Skulen er dimensjonert for fire klassar, 60 elevplassar, på vg1. Det er såleis god kapasitet ved skulen til å auke frå to til tre klassar allereie skuleåret 2020/21.

Skule	Bygg- og anleggsteknikk			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Kvinnherad vgs	Vg1	-1	2	1
Åsane vgs	Vg1	1	2	3

### **Helse- og oppvekstfag**

#### **Austrheim vgs**

I sak om opplæringstilbod for Vestland fylkeskommune, som hovudutvalet handsama 02.12.2019, fekk Austrheim vgs oppretta ein klasse vg2 helsearbeidarfag. I saka gjorde fylkesdirektøren greie for at ein måtte sjå erfaringar frå prøveinntaket for å vurdere kva tilbod som skulle settast i gang.

På vg2 helsearbeidarfag er det 11 ledige plassar. Skulen argumenterer med at dei kan opprette to halve klassar innan vg2 helsearbeidarfag og vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Totalt til desse programområda er det ni primærøkarar med ungdomsrett.

Fylkesdirektøren meiner at dette ikkje er tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere oppretting av halve klassar, men heller prioritere det tilbodet som har flest primærøkarar. Bakgrunnstala viser at søkarane til vg2 helsearbeidarfag vil få tilbod på sine sekundærønske.

Fylkesdirektøren tilrår at vg2 helsearbeidarfag ikkje vert sett i gang ved Austrheim vgs.

#### **Fitjar vgs**

Skulen har tilbod innan vg2 helsearbeidarfag og vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag. Vg2 helsearbeidarfag har 12 ledige av 30 plassar. Det er ikkje nok søkarar som har vg2 helsearbeidarfag ved skulen som sitt sekundære ønskje til at desse ville fylt opp klassen tilstrekkeleg til å setje i gang tilbodet. Fylkesdirektøren tilrår difor å leggje ned ein klasse vg2 helsearbeidarfag.

#### **Kvinnherad vgs**

Skulen er dimensjonert for to klassar vg1 HO, men fekk våren 2019 redusert ein klasse pga lågt søkartal, grunna eit lågare elevkull frå ungdomsskulen. Skulen har no 28 primærøkarar med ungdomsrett til 15 elevplassar. 16 primærøkarar står på venteliste.

Som fylkesdirektøren skreiv i sak om opplæringstilbod hausten 2019, vil avgangskulla frå ungdomsskulen ligge på om lag 2020-nivå dei neste åra, og det er grunnlag for å tru at behovet for to klassar på vg1 HO vil vere til stades også dei neste åra.

Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og vg2 helsearbeidarfag har høvesvis sju og ni primærøkarar med ungdomsrett. Dette var ein venta konsekvens av reduksjonen på vg1 HO våren 2019. Grunna at elevgrunnlaget no tar seg opp, tilrår ikkje fylkesdirektøren å legge ned tilboda, men heller redusere til ein halv klasse på kvar av vg2-tilboda. Desse kan justerast opp igjen til hausten, om skulen får oppretta ein ekstra klasse på vg1 HO.

Fylkesdirektøren tilrår at Kvinnherad vgs får oppretta ein ekstra klasse vg1 HO, reduserer med ein halv klasse vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og ein halv klasse vg2 helsearbeidarfag.

#### **Slåtthaug vgs**

Prøveinntaket viser at det er ein del søkarar til vg1 HO i stor-Bergen som vil stå utan tilbod om fylkeskommunen ikkje aukar opp plasstalet. Skulen melder at dei ønskjer å opprette ein ekstra klasse vg1 HO for å kunne sikre god rekruttering til vg2.

På bakgrunn av for låg kapasitet på vg1 HO, tilrår fylkesdirektøren at det vert oppretta ein ekstra klasse vg1 HO ved Slåtthaug vgs.

### Voss gymnas

Til saman er det fem søkarar utan plass på vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag og 7 utan tilbod på helsearbeidarfag. Begge tilboda har 15 plassar kvar. Fylkesdirektøren tilrår at det vert sett i gang ein ekstra klasse på vg2. Skulen meldte tilbake at dei ser for seg ein auke på vg2 helsearbeidarfag. Det er fleire av elevane på vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag som søker seg ut i lære enn tilfellet er for helsearbeidarfag. I tillegg må fylkesdirektøren vurdere det totale søkbiletet på vg2 i justering av opplæringstilbodet. Sett i lys av det totale søkbiletet og tendens til kva programområde som rekrutterer til lærefag, tilrår fylkesdirektøren at vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag vert justert opp med ein klasse. Skulen har ingen merknader til denne prioriteringa.

### Kvam vgs

Skulen har tre primærsøkarar til ein halv klasse vg2 helsearbeidarfag. Bakgrunnstala viser at det ikkje er tilstrekkeleg tal sekundærsøkarar til å fylle opp den halve klassen. Fylkesdirektøren tilrår at vg2 helsearbeidarfag ikkje vert sett i gang.

Skule	Helse- og oppvekstfag			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Austrheim vgs	Vg2 helsearbeidarfag	-1	1	0
Fitjar vgs	Vg2 helsearbeidarfag	-1	2	1
Kvam vgs	Vg2 helsearbeidarfag	-0,5	0,5	0
Kvinnherad vgs	Vg1	1	1	2
	Vg2 helsearbeidarfag	-0,5	1	0,5
	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	-0,5	1	0,5
Slåtthaug vgs	Vg1	1	3	4
Voss gymnas	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	1	2

### Naturbruk

#### Voss vgs

Det er åtte ledige plassar på vg2 heste- og hovslagarfag. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert redusert frå ein til ein halv klasse. Skulen er samd i vurderinga.

Skule	Naturbruk			
	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Voss vgs	Vg2 heste- og hovslagarfag	-0,5	1	0,5

### Restaurant- og matfag

Fitjar vgs har skuleåret 2019/20 ein klasse vg1 restaurant- og matfag, og ein klasse vg2 kokk- og servitørfag.

Etter første prøveinntak er det åtte ledige plassar på vg1 og åtte ledige plassar på vg2 kokk og servitør.

Dette er godt under det generelle kravet til oppfylling i klassane. Samtidig er dette tilbudet det einaste på RM i Sunnhordland. Næraste RM-tilbod vil då elles vere Sandsli vgs i Bergen. På bakgrunn av ei regional vurdering, tilrår fylkesdirektøren at verken vg1- eller vg2-tilbodet blir lagt ned. Samtidig er det ikkje grunn til å ha heile klassar på tilbodet. Fylkesdirektøren tilrår difor å redusere vg1 RM og vg2 kokk- og servitørfag med ein halv klasse kvar.

Skulen har ikkje kommentert dette tilbudet i sine tilbakemeldingar.

**Sandsli vgs** har det største RM-tilbodet i Vestland fylkeskommune, der fire klassar på vg1 og tre klassar på vg2.

Etter prøveinntaket viser det seg at 20 primærsøkarar med ungdomsrett vil stå utan tilbod. Sett i lys av at det er eit ønskje om å auke rekrutteringa til utdanningsprogrammet, vurderer fylkesdirektøren at det vil vere riktig å justere opp klassetalet på vg1 med ein klasse.

Restaurant- og matfag				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Fitjar vgs	Vg1	-0,5	1	0,5
	Vg2 kokk og servitør	-0,5	1	0,5
Sandsli vgs	Vg1	1	4	5

### Sal, service og reiseliv

#### **Stord vgs**

Det er 12 ledige plassar av 30 på vg1 sal, service og reiseliv. Fylkesdirektøren tilrår å setje i gang berre ein klasse. Dette er i tråd med skulen sine tilbakemeldingar.

Sal, service og reiseliv				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Stord vgs	Vg1	-1	2	1

### Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign

#### **Årstad vgs**

29 søkarar stod utan tilbod etter første prøveinntak. Årstad vgs er den einaste skulen i stor-Bergen som har dette tilbodet. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet blir auka med ein klasse.

Frisør, blomar, interiør og eksponeringsdesign				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Årstad vgs	Vg1	1	3	4

### Teknikk og industriell produksjon

#### **Odda vgs**

Etter første prøveinntak var det ti ledige plassar på 45 plassar (tre klassar) på vg1 TIP. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet vert redusert frå tre til to klassar vg1 TIP.

Tilbodet på vg2 køyretøy ved Odda vgs har fått ein primærsøkar til 15 plassar. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Skulen sine tilbakemeldingar på prøveinntaket er i tråd med fylkesdirektøren sine tilrådingar.

#### **Kvam vgs**

Etter første prøveinntak var det åtte ledige plassar til 15 plassar vg2 industriteknologi ved Kvam vgs. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang. Skulen er samd i denne vurderinga.



### Åsane vgs og Knarvik vgs

Åsane vgs har sju primær søkerar til 45 plassar på vg2 industriteknologi. Knarvik vgs har 24 primær søkerar til 15 plassar på vg2 industriteknologi.

Dette tilbodet sjåast i samanheng mellom anna grunna forholdet mellom primær søkerar og den geografiske nærleiken til skulane. Åsane vgs har monaleg færre elevar som har søkt vg2 industriteknologi ved skulen som sitt primære ønskje, medan Knarvik har ni fleire primær søkerar enn tilgjengelege plassar.

Gjennom samarbeidsprosjektet i Nordhordland, har Knarvik vgs vidareutvikla eit godt samarbeid med offentlege og private verksemdar, der meir av opplæringa skjer ute i verksemdene for å sikre riktig og naudsynt kompetanse. Prosjektet er under evaluering, men tilbakemeldingane frå skule og bedrift er så langt gode. Det er også, i regi av Universitetet i Bergen, utarbeidd kunnskapsgrunnlag som dokumenterer behovet for kompetansen i regionen. Knarvik vgs viser også i tilbakemeldingane på prøveinntaket til dialog med næringslivet der behovet for fagarbeidarar omtalast som kritisk.

Grunna forholdet mellom primær søkerar mellom dei to skulane, erfaringar frå samarbeidsprosjektet i Nordhordland og tilbakemeldingar frå næringslivet om behov for kompetanse i regionen, tilrår fylkesdirektøren at det vert redusert ein klasse vg2 industriteknologi ved Åsane vgs, og oppretta ein klasse på Knarvik vgs. Skulane er samde i denne endringa.

### Åsane vgs

Etter første prøveinntak var det ti søkerar utan tilbod til vg1 TIP. Som ein konsekvens av dreining av søkarmønster frå studieførebuande til yrkesfag, er det også ein større del elevar som ved prøveinntaket ikkje har fått tilbod om plass på vg1 TIP i stor-Bergen. For at fleire skal få eit tilbod ved ein skule som ligg godt plassert for ein større del av elevane, i eit område som har god kollektivdekning, tilrår fylkesdirektøren at Åsane vgs får oppretta ein ekstra klasse vg1 TIP.

### Generelle kommentarar til TIP ved Stord vgs og Fusa vgs

Stord vgs og opplæringskontora Ytre Sunnhordland opplæringskontor og bilbransjens opplæringskontor har spelt inn behov for å auke vg2 kjøretøy og vg2 industriteknologi.

Etter første prøveinntak var det fire søkerar som ikkje hadde fått tilbod ved vg1 TIP, og det er såleis ikkje grunnlag for å auke opp tilbodet.

Vg2 industriteknologi har 13 primær søkerar med ungdomsrett til ein halv klasse - 10 plassar. Vg2 kjøretøy har 17 primær søkerar med ungdomsrett til ein halv klasse - 7 elevar.

Ei utfordring med tilbodsstrukturen i Sunnhordland er at om ein gjer større endringar på ein skule, kan det få konsekvensar for tilbodet på same utdanningsprogram ved ein annan skule i regionen. For vg2 industriteknologi sitt tilfelle, vil tilbodet på Rubbestadnes vgs stå i fare om ein justerer opp same tilbod på Stord vgs.

Når det gjeld vg2 kjøretøy, har bilbransjens opplæringskontor på Stord per 27. mars 2020 sendt inn fire intensjonsavtalar for læreplass i lette kjøretøy og ingen i tunge kjøretøy. På bakgrunn av dette, tilrår ikkje fylkesdirektøren ein auke i tilbodet.

Fylkesdirektøren tar innspela frå skulen og opplæringskontora med seg vidare til vurdering i sak om opplæringsstilbod 2021/22, men tilrår ikkje endringar for skuleåret 2020/21.

Fusa vgs sende ei forseinka tilbakemelding på første prøveinntak, 31.3.20, der dei ønskjer å redusere ein klasse vg1 naturbruk og auke ein klasse vg1 teknikk- og industriell produksjon. Etter sjette prøveinntak står det berre ein søkar til teknikk- og industriell produksjon igjen utan tilbod, og ingen på naturbruk. Det er såleis ikkje grunnlag for å auke opp dette tilbodet.

Teknikk- og industriell produksjon				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Kvam vgs	Vg2 industriteknologi	-1	1	0
Knarvik vgs	Vg2 industriteknologi	1	1	2
Odda vgs	Vg1	-1	3	2
	Vg2 kjøretøy	-1	1	0

Åsane vgs	Vg1	1	2	3
	Vg2 industriteknologi	-1	3	2

## **Elektrofag**

### **Kvam vgs**

Etter første prøvetinntaket var det sju ledige plassar på vg1 elektrofag, og seks ledige plassar på vg2 elenergi.

Vurderinga her står på kor vidt ein ønskjer å setje i gang halve klassar eller ikkje. Fylkesdirektøren vurderer det slik at det er uheldig for skulen og framtidig rekrutteringsgrunnlag om heile eller deler av tilbodet på vg1 og/eller vg2 blir lagt ned. Samtidig er det ikkje ønskjeleg over tid å ha halve klassar.

Fylkesdirektøren tilrår at det blir sett i gang ein halv klasse på vg1 EL og ein halv klasse vg2 elenergi for skuleåret 2020/21. Dette er også i tråd med dei tilbakemeldingane skulen har kome med til prøveinntaket.

### **Kvinnherad vgs**

Skulen har 23 primær søkerar med ungdomsrett til 15 plassar til vg1 elektrofag. Åtte primær søkerar står på venteliste. Bakgrunnstala viser at om skulen får ein ekstra klasse vg1 EL, vil denne bli fylt opp.

Seks primær søkerar med ungdomsrett har søkt til 15 plassar på vg2 elenergi. Skulen melder tilbake at fleire elevar på vg1 har søkt seg til vg2 automatisering på andre skular.

Med bakgrunn i at det er venteliste på vg1 elektrofag ved skulen og at næringslivet etterspør lærlingar i åra framover, tilrår fylkesdirektøren at det blir oppretta ein klasse vg1 elektrofag for å gi tilbod til elevane på venteliste og sikre rekrutteringsgrunnlaget for vg2, og med det arbeidslivet sitt behov for kompetanse.

På bakgrunn av tal primær søkerar til vg2 elenergi, tilrår fylkesdirektøren å ikkje setje i gang tilbodet. Bakgrunnstala viser at elevane som har søkt vg2 elenergi ved Kvinnherad vgs vil få tilbod på vg2 elenergi på andre skular i regionen.

Fylkesdirektøren tilrår samtidig å lyse vg2 elenergi ut igjen skuleåret 2021/22, då skulen vil ha eit breiare rekrutteringsgrunnlag frå vg1.

### **Knarvik vgs**

Skulen har åtte primær søkerar med ungdomsrett til to klassar vg2 elenergi. Fylkesdirektøren tilrår at det blir lagt ned ein klasse vg2 elenergi. Skulen er samd i dette.

### **Åsane vgs**

Etter første prøveinntak var det ni ledige plassar på vg2 data og elektronikk på Åsane vgs. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang skuleåret 2020/21.

### **Slåtthaug vgs**

Skulen har 57 primær søkerar til 30 plassar på vg1 elektrofag. Dette utdanningsprogrammet er eit av tilboda som har monaleg fleire søkarar enn kva det er plassar til i stor-Bergen, og som må vurderast justert opp, sett i lys av dreininga av søkarmønster frå studieførebuande til yrkesfag.

Fylkesdirektøren tilrår at det vert oppretta ein ekstra klasse vg1 elektrofag på Slåtthaug vgs.

Skule	Nivå	Elektrofag		
		Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Kvinnherad vgs	Vg1	1	1	2
	Vg2 elenergi	-1	1	0
Kvam vgs	Vg1	-0,5	1	0,5
	Vg2 elenergi	-0,5	1	0,5
Knarvik vgs	Vg2 elenergi	1	2	1
Slåtthaug vgs	Vg1	1	2	3

Åsane vgs	Vg2 data og elektronikk	-1	1	0
-----------	-------------------------	----	---	---

### Studiespesialisering

#### **Bømlo vgs**

##### **Vg1:**

Skulen har to klassar vg1 studiespesialisering. Etter første prøveinntak var det 19 ledige plassar til 60 plassar. Det vil seie at det berre var tatt inn 11 søkarar til den andre klassen. Fylkesdirektøren tilrår at det vert sett i gang ein klasse. Bakgrunnstala viser at om lag halvparten av dei ni primærsøkarane med ungdomsrett som ikkje vil få tilbod ved Bømlo vgs, vil få tilbod på vg1 ST ved ein annan skule i regionen. Dei resterande vil få tilbod om sekundærønskje på anten same skule eller ein skule i same kommune eller region.

##### **Vg2:**

Etter første prøveinntak var 23 av 60 elevplassar ledige på vg2 studiespesialisering. Av 34 primærsøkarar kjem tre frå andre vg1 studieførebuande tilbod ved andre skular, der to av dei er frå ein skule i Rogaland. Fylkesdirektøren tilrår at vg2 studiespesialisering vert redusert med ein klasse ved Bømlo vgs.

#### **Austevoll vgs**

Det er 16 ledige plassar på vg1 studiespesialisering. Dette tilbodet har over tid hatt låg søking, og skulen har berre tilbod på vg1 på dette utdanningsprogrammet. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Studiespesialisering				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Austevoll vgs	Vg1	-1	1	0
Bømlo vgs	Vg1	-1	2	1
	Vg2	-1	2	1

### Idrettsfag

#### **Odda vgs**

Skulen har ein halv klasse idrettsfag på alle tre nivåa. Til skuleåret 2020/21 er det 10 primærsøkarar med ungdomsrett til 15 plassar. Isolert sett kan det vere ei vurdering at dette er tilstrekkeleg for å oppretthalde tilbodet. Samtidig opplever skulen, som dei også skriv i tilbakemeldinga på prøveinntaket, at studieførebuande utdanningsprogram totalt opplev ein nedgang i søking. Når ein ser til søkartala til vg1 studiespesialisering, har dette tilbodet 13 primærsøkarar til 30 plassar.

Totalt sett vurderer fylkesdirektøren at det er for mange elevplassar på studieførebuande utdanningsprogram ved Odda vgs til å setje i gang både idrettsfag og studiespesialisering. Bakgrunnstala viser at om ein vel å ikkje setje i gang idrettsfag, har fleire av søkarane studiespesialisering på same skule som sekundærønskje. Å ikkje setje i gang vg1 idrettsfag vil med andre ord bety ei styrking av ST-tilbodet ved Odda vgs.

Skulen ønskjer å setje i gang både vg1 idrettsfag og vg1 studiespesialisering. Fylkesdirektøren tilrår å ikkje setje i gang vg1 idrettsfag, med bakgrunn i låg søking, og at tilbodet på studiespesialisering som ein konsekvens vil bli styrka.

Idrettsfag				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Odda vgs	Vg1	-0,5	0,5	0

### Påbygging til generell studiekompetanse

**Vg4 påbygging**

Det er 229 søkarar til vg4 påbygging til generell studiekompetanse for dei med fullført fag-/sveinebrev.

På bakgrunn av fleire søkarar til vg4 påbygging til generell studiekompetanse enn kva kapasiteten er i dag, tilrår fylkesdirektøren at det vert oppretta ein ekstra klasse på dette tilbodet. Tilbodet vert tilrådd justert opp ved Slåtthaug vgs.

Påbygging til generell studiekompetanse				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Slåtthaug vgs	Vg4	1	2	3

**Innføringstilbod for minoritetsspråklege****Voss gymnas**

Tilbodet har to primærsøkarar til 15 plassar. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang.

**Stord vgs**

På lik line med Voss gymnas, har Stord vgs to primærsøkarar til 15 plassar. Fylkesdirektøren tilrår at tilbodet ikkje vert sett i gang.

Innføringstilbod for minoritetsspråklege				
Skule	Nivå	Justering	Tilbod lyst ut	Klassetal 20/21
Voss gymnas	Innføringstilbod	-1	1	0
Stord vgs	Innføringstilbod	-1	1	0

Tilbod lyst ut i kombinasjon mellom tilbod for ungdom og tilbod for vaksne.

Då saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2020/21 vart handsama i haust, vart det vedteke lyst ut to tilbod i kombinasjon mellom tilbod for ungdom og tilbod for vaksne. Det er vg1 helse- og oppvekstfag og vg2 helsearbeidarfag ved Høyanger vgs. Søkinga tilseier at desse tilboda vert sette i gang som utlyste.

Til vg1 handverk, design og produktutvikling ved Eid vgs, er det berre fem søkarar, og såleis under minstekravet for oppfylling. Utdanningsprogrammet vart lyst ut med føresetnad om 1+3-modell i fagopplæring. Eit av programområda på vg2 i det nye utdanningsprogram er vg2 trearbeid. Slik ein ser det vil kompetansemål i dette programområdet delvis erstatte vg2 industriell møbelproduksjon, som går ut av tilbodsstrukturen.

Det viser seg at det er mange søkarar til vaksenopplæring i Nordfjord som er potensielle arbeidstakarar i møbelindustrien i Nordfjord og søre Sunnmøre. Fylkesdirektøren ser det difor som tenleg at vg1 handverk, design og produktutvikling blir redusert med 0,5 klasse for ungdom og at det blir oppretta 0,5 klasse over vaksenopplæringsbudsjettet.

Fylkesdirektøren sine samla tilrådingar

Denne oversikta viser fylkesdirektøren sitt samla framlegg til justeringar av opplæringstilbodet for 2020/21. Med utgangspunkt i vedtekne inntaksområde for skuleåret, er oversikta delt i nord- og sørfylket.

**Nordfylket:**

Skule	Utdanningsprogram/programområde	Utløst	Endring	Framlegg klassar
Eid vgs	Vg1 elektrofag	3	-1	2

Eid vgs	Vg1 handverk, design og produktutvikling	1	-0,5	0,5
Eid vgs	Vg2 interiør og utstillingsdesign	0,5	0,5	1
Eid vgs	Vg2 industriell møbelproduksjon	0,5	-0,5	0
Flora vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
Flora vgs	Vg2 byggteknikk	2	-1	1
Flora vgs	Vg1 elektrofag	2	-1	1
Hafstad vgs	Vg3 påbygging til generell studiekompetanse	1	1	2
Mo og Øyrane vgs	Vg2 landbruk og gartner	2	-1	1
Mo og Øyrane vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	4	1	5
Mo og Øyrane vgs	Vg1 elektrofag	1	1	2
Mo og Øyrane vgs	Vg2 helseservicefag	0,5	0,5	1
Måløy vgs	Vg2 kokk og servitør	1	-1	0
Sogndal vgs	Vg1 medium og kommunikasjon	1	-0,5	0,5
Sogndal vgs	Vg1 idrettsfag	1	0,5	1,5
Stryn vgs	Vg1 studiespesialisering	2	-1	1

**Sørfylket:**

Skule	Utdanningsprogram/programområde	Utløst	Endring	Framlegg klassar
Austrheim vgs	vg2 helsearbeidarfag	1	-1	0
Austevoll vgs	Vg1 studiespesialisering	1	-1	0
Bømlo vgs	Vg1 studiespesialisering	2	-1	1
Bømlo vgs	Vg2 studiespesialisering	2	-1	1
Fitjar vgs	Vg1 restaurant- og matfag	1	-0,5	0,5
Fitjar vgs	Vg2 helsearbeidarfag	2	-1	1
Fitjar vgs	Vg2 kokk og servitør	1	-0,5	0,5
Knarvik vgs	Vg2 industrideknologi	1	1	2
Knarvik vgs	Vg2 elenergi	2	-1	1
Kvinnherad vgs	Vg1 elektrofag	1	1	2
Kvinnherad vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	-1	1
Kvinnherad vgs	Vg2 elenergi	1	-1	0
Kvinnherad vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag	1	1	2
Kvinnherad vgs	Vg2 helsearbeidarfag	1	-0,5	0,5
Kvinnherad vgs	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	-0,5	0,5
Odda vgs	Vg1 idrettsfag	0,5	-0,5	0
Odda vgs	Vg1 teknikk- og industriell produksjon	3	-1	2
Odda vgs	Vg2 køyretøy	1	-1	0
Sandsli vgs	Vg1 restaurant- og matfag	4	1	5
Slåtthaug vgs	Vg1 helse- og oppvekstfag	3	1	4
Slåtthaug vgs	Vg1 elektrofag	2	1	3
Slåtthaug vgs	Vg4 påbygging til generell studiekompetanse	2	1	3
Stord vgs	Vg1 sal, service og reiseliv	2	-1	1
Stord vgs	Innføringstilbod for min.språklege	1	-1	0
Voss gymnas	Innføringstilbod for min.språklege	1	-1	0

Voss gymnas	Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag	1	1	2
Voss vgs	Vg2 heste- og hovslagarfag	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	Vg1 elektrofag	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	Vg2 industrideknologi	1	-1	0
Kvam vgs	Vg2 elenergi	1	-0,5	0,5
Kvam vgs	vg2 helsearbeidarfag	0,5	-0,5	0
Årstad vgs	Vg1 frisør, blommar, interiør og utstillingsdesign	3	1	4
Åsane vgs	Vg1 teknikk- og industriell produksjon	2	1	3
Åsane vgs	Vg1 bygg- og anleggsteknikk	2	1	3
Åsane vgs	Vg2 industrideknologi	3	-1	2
Åsane vgs	Vg2 data og elektronikk	1	-1	0

### Økonomiske, administrative og personalmessige konsekvensar

Fylkesdirektøren sitt forslag til justering av opplæringstilbod gir ein netto reduksjon av 4 klassar i nordfylket og 9,5 klassar i sørfylket. Totalt utgjer dette 13,5 klassar.

Den årlege justeringa av opplæringstilbodet vil alltid kunne ha personalmessige konsekvensar. Ein auke eller reduksjon i klassetalet vil påverke stillingsplanarbeidet som vert gjennomført på den einskilde skule.

Når justeringssaka er vedteken kan skulane ferdigstille sine stillingsplanar, og ein vil få oversikt over eventuelt overtal. Eventuelt overtal vert handtert etter gjeldande prosedyre. Tildelte midlar til tilpassa opplæring og midlar til kompetanseheving vil også påverke det endelege biletet. I tillegg vil mogelege tiltak for å motverke konsekvensar av koronapandemien kunne redusere overtal ved skulane.

### Beredskap for opplæringstilbodet 2020/21 som følgje av konsekvensar av koronapandemien

Koronapandemien gjer situasjonen rundt opplæringstilbodet for 2020/21 usikker på fleire område. Det er knytt særleg usikkerheit til elevar på vg2 som har planlagt utanlandsopphald og elevar som har mål om læreplass:

- Potensielt færre nye lærekontraktar
- Potensielt fleire avbrot av lærekontraktar/permiteringar
- Elevar som tek utveksling i utlandet, som vel å ikkje reise ut, eller blir hindra frå å reise.

Per 24.03.2020 er det i følgje NAV sin [statistikk](#), 33738 arbeidsledige i Vestland fylke, tilsvarande 10 prosent av arbeidsstyrken. Samanlikna med 03.03.2020, var det 7301 arbeidsledige, tilsvarande 2,2 % av arbeidsstyrken.

Sett i lys av tal personar som har blitt arbeidsledige på kort tid som følgje av pandemien, er det grunn til å tru at dette kan påverke situasjonen for elevane som i dag går vg2 og har lærekontrakt som mål. Fylkeskommunen må ta høgde for at læreplassstilgangen vil bli råka, og at tilbodet på vg3 påbygg og/eller alternativ vg3 sluttopplæring i skule må dimensjonast opp. Læringer som har ei aktiv kontrakt kan også bli råka.

I tillegg er situasjonen usikker for elevane som har planlagt eit vg2-løp i utlandet. Også her må fylkeskommunen ha ein beredskap for at desse skal ha eit tilbod ved ein vidaregåande skule i Vestland fylke.

Det er for tidleg for fylkesdirektøren å anslå nøyaktige effektar eller omfanget av effektane som følgje av pandemien til denne saka.

Fylkeskommunen må sørge for at alle søkarane med ungdomsrett får eit tilbod slik dei har rett på, jf. opplæringslova.

Fylkesdirektøren vil difor kome med ei ny sak som viser kva eventuelle konsekvensar, og omfanget av desse, pandemien vil ha for opplæringstilbodet skuleåret 2020/21.